

Styresaker:

1. Planlegging av årsmøte (ordstyrar, program osv.).
 - Balestrand UL har blitt spurt om å vere vertskap og stiller som vertskap 10.3.2019
2. Aktivitetsprisen (årets lokallag)
3. Evaluering av julehefte
 - Ev. kontrakt med Sunnfjord sogelag om Jul i Sunnfjord
4. Arbeidsprogram for 2019
5. Styremøte for 2019
6. Ymse

1. Planlegging av årsmøte

- Årsmøtedato: 10.3.2019. Balestrand bygdahus. Balestrand Ungdomslag er vertskap. Christoffer sender lokallag e-post og legger ut på heimesida/Facebook melding om årsmøtet

- Christoffer undersøker om kl. 13.00 kan vere årsmøtestart.

- Det går ferje 12.35. Årsmøtedeltakarar bør rekke årsmøte kl. 13.00

- Hildegunn gjev Johanna melding om frist for rekneskap

- Arve Hornes vert spurt om å leie valnemnda

- Åge Avedal eller Arve Hornes vert spurt om å leie årsmøtet. Hildegunn spør Åge

- Christoffer tek kontakt med Nordalsfjorden, Bygstad eller Dale om ein av lokallaga vil vere vert for årsmøte i 2020

2. Aktivitetsprisen

- Christoffer sender e-post og Facebook melding om at lokallag må sende inn årsmelding seinast fredag 1. mars

3. Evaluering av julehefte

- Utarbeiding av tre hefte (Jul i Sogn, Jul i Sunnfjord og julesonghefte) var krevjande, men òg prioritert satsingsområde frå styret sin side. Ivaretaking av nynorsk og lokal kulturformidling prioritert satsingsområde

- Tilbakemeldingane frå lesarane er gode. Folk er glad for at Jul i Sunnfjord er tilbake. Gjev von om bra sal i framtida

- Førebels ser omsetninga av Jul i Sogn ok ut, kanskje litt nedgang frå 2017.

- Jul i Sunnfjord. Oppstartskostnadar og at bladet ikkje har vore utgitt sidan 2014 (må innarbeidast i marknaden på nytt) gjer at ein reknar med eit marginalt overskot



Referat. Styremøte 27.1.2019

- Julesonghefte. Kostnadane var dekt av midlar satt av på eiga konto. Restmidlane på kontoen vert overført til SOFUL. Omsetning er førebels ikkje klart.
- Naudsynt å få etablert betre rutinar, slik at ein kjem tidlegare i gang med planlegging (deadline mm.) og utsending av hefta
 - Sørge for at hefte er mogleg å kjøpe i Oslo og Bergen, samt at ein når ut til Ytre Sogn og Voss litt tidlegare
 - Analysere sal av hefta, kor og kvar, tema osv.
 - Christoffer får tal frå Johanna
 - Sjå på rutinane for utkøyring
 - Gje lokallag tilbod om å selje på kommisjon- (lokallaga får e-post med tilbod og svarfrist slik at vi har oversikt over kor mange hefte vi må trykke
 - Kontakte skular med tilbod om å kjøpe julesonghefte (helst ved skuleoppstart i august)
 - Ta kontakt med kulturskular, Fjærland bornekor osv. om å spele inn eit utval av songane i julesongheftet
 - Christoffer undersøker kva som løner seg mtp. Formidling av songane (cd, nettstad, etter førespurnad osv.)

4. Arbeidsprogram

- Førebels innspel til arbeidsprogram:
 - Aktivitetshandbok (arbeidet er allereie starta)
 - Julehefte
 - Spele inn utvalde julesongar
 - Barnestemne i Fjærland (14. - 16. juni)
 - Organisasjonsarbeid. SOFUL registrerer at det politiske tyngdepunktet i Vestland fylke truleg vil vere Bergen. Korleis skal frivillige lag- og organisasjonar handtere dette?
 - Ekstra kostnad å reise til Bergen. T.d. er det kulturkonferanse i Bergen i Mars
 - Mogleg løysing er å etablere eit forum i fylket for å samle frivillige lag- og organisasjonar. Forum kan t.d. få fullmakt til å representere laga på møte og samlingar. Eit slikt forum kan tale på vegne av 10-12 000 medlemmar vil truleg få større merksemd enn om vi opptrer aleine. Christoffer undersøker kva interesse det er for eit slikt forum i fylket.
- Be om innspel frå lokallag. Arbeidsprogrammet vert og sak på årsmøtet

Styremøte for 2019

1. mars, kl. 11.00. Møtestad: Skei
2. April, kl. 11.00. Møtestad: Skei
3. 3 Juni, kl. 11.00



Referat. Styremøte 27.1.2019

Ymse

- Bunadsprofilering. Det pågår eit arbeid, bl. A. i regi av NU om å nominere bunaden til UNESCO (immateriell kultur). Forsøke å skape blest kring bunaden under dansestemne i Bygstad i april?? som del av dette arbeidet. Her vil vi forsøke å kontakte avisar mm.

Referent

28.1.2019

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

